



## Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2020/2021

11. mai 2021

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å skape balanse i kornmarknaden i Norge og sikre at omsetninga av norsk korn kan skje til målpris. Felleskjøpet Agri marknadsregulator skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet.

Denne prognosen er siste vurdering av balansen i sesongen 2020/2021 og grunnlag for siste tildeling av importkvotar og eventuell iverksetting av andre marknadsbalanserande tiltak. Utkast til Marknadsregulator sine forslag til importkvotar er lagt til som vedlegg til prognosen.

### Tilgangsprognose

Marknadsregulator gir følgjande prognose som oppdaterer forventa tilgang av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:

#### Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2015-19	Tilgang 2019	Prognose 2020	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	162 300	205 900	<b>226 000</b>	139 %	110 %
Fôrkveite	178 700	225 100	<b>82 000</b>	46 %	36 %
Kveite i alt	341 000	431 000	<b>308 000</b>	90 %	71 %
Matrug	17 300	13 200	<b>8 000</b>	46 %	61 %
Fôrrug/rugkveite	22 200	37 600	<b>27 000</b>	122 %	72 %
Rug i alt	39 500	50 800	<b>34 000</b>	86 %	67 %
Bygg	515 200	541 100	<b>610 000</b>	118 %	113 %
Havre	248 600	218 300	<b>296 000</b>	119 %	136 %
Korn totalt	1 144 300	1 241 200	<b>1 248 000</b>	109 %	101 %
Erter	3 900	4 200	<b>4 000</b>	103 %	95 %
Oljefrø, åkerbønner	11 000	15 700	<b>15 000</b>	136 %	96 %
Korn, erter, oljefrø	1 159 200	1 261 100	<b>1 267 000</b>	109 %	100 %
Matandel kveite	48 %	48 %	<b>73 %</b>		
Matandel rug/rugkveite	44 %	26 %	<b>24 %</b>		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar er i alt 9 000 tonn høgare enn prognosert i november.

## Forbruksprognose

### Matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn i 2020/2021 er basert på forbruksstatistikk til og med mars 2021. I framskrivinga er det i utgangspunktet lagt til grunn trendutviklinga pr. måned over dei tre siste sesongane. Koronapandemien har gitt auka forbruk av matmjøl i Norge.

Tabellen under viser den totale foredlinga av matkorn for den norske marknaden dei siste sesongane og prognose:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020	269 944	19 293	3 166	39 981	332 384
Prognose 20/21	269 000	19 000	3 000	40 000	331 000
Endring	-0,3 %	-1,5 %	-5,2 %	0,0 %	-0,4 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

### Kraftfôr


Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 1. kvartal i 2021 og produksjons- og salsprognosar for mjølk, kjøtt og egg for resten av prognoseperioden. Prognosen for drøvtyggarfôr i sesongen er korrigert for god kvalitet på grovfôret som vart hausta i fjor.

Prognosert forbruk av kraftfôr i perioden oktober 2020 – september 2021 går fram av tabellen:

Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K15 - 3K16	1 012 834	498 346	436 699	19 094	1 966 973
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20	1 031 984	463 398	478 428	14 638	1 988 448
Prognose 20-21	1 052 000	470 000	497 000	12 000	2 031 000
Endring	1,9 %	1,4 %	3,9 %	-18,0 %	2,1 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

I prognosen er lagt til grunn 70,7 % karbohydrat i kraftfôret basert på oppdatert statistikk pr. 1. kvartal i år og normal utvikling frå eit kvartal til neste for dei to neste kvartala. Figuren under illustrerer utviklinga og prognosen:



Dette gir følgende prognoserte forbruk av karbohydratråvarer i kraftfôret i sesongen:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)		
Kraftfôrsal	2 031 000	
Andel karbohydratråvare	70,7 %	
Behov karbohydratråvarer		1 436 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		53 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 383 000

## Fordeling av tilgangen av norsk korn

Pr. 6. april er det meldt inn eit overskott av 48 700 tonn matkveite klasse 1 og 9 000 tonn bygg og havre. Tabellen under gir oversikt over bruken av norsk korn frå årets avling og av korn som er overlagra frå den førre sesongen, og i tillegg også innmelde overskott pr. april:

### Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Matkveite	Matrug	Fôrkveite	Fôrrug	Bygg	Havre	Fôrkorn
Overlagra frå sesongen før	15 400	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	226 000	7 700	82 000	26 500	610 000	296 000	1 014 500
Matkorn til fôr/fôrkorn til mat	0	0	0		-3 000	-34 000	-37 000
-Omdisponering matkorn	-31 900	0	31 900				31 900
Tilgjengeleg før sluttinnmelding	209 500	7 700	113 900	26 500	607 000	262 000	1 009 400
Innmeldt overskott	48 700	0	0	0	2 000	7 000	9 000

## Fordeling av matkveiten


Tabellen viser fordelinga av matkveiten, før og etter korreksjon for overlagra kveite omsett til matmjøl:

### Klassedeling av matkveiten (tonn)

	Tilgang ny matkveite	Overlagra frå 19/20	Tilgang ny og overlagra matkveite	Omdisponert pr mars	Tilgang etter omdisponering	Klassefordeling	Protein-%
Klasse 1	82 700	15 400	98 100	-	98 100	47 %	14,1 %
Klasse 2	22 100		22 100	-	22 100	11 %	14,2 %
Klasse 3	58 400		58 400	-	58 400	28 %	13,8 %
Klasse 4	22 900		22 900	-	22 900	11 %	13,1 %
Klasse 5	39 900		39 900	31 900	8 000	4 %	12,6 %
I alt	226 000		241 400	31 900	209 500	100 %	13,7 %

Tabellen viser også det høge proteininnhaldet i årets matkveite.

Prognosen viser at norsk produksjon av matkveite har lukkast i å få fram vare med sterk bakekvalitet som det også er interesse for å dyrke:



Mirakel kom på marknaden i 2014 og i 2016 hadde denne klasse 1-sorten teke ein god andel i kornblandinga. I 2017 regna matandelen i vårkveiten bort og i 2018 var tørken utfordrande, men den bakesterke sorten har hatt god volumvekst. Haustkveitesorten Ozon (del av klasse 4 i 2019/20 og einaste sort i klasse 5 i 2020/21) har blitt populær å dyrke, men går ut som matkorn etter kommande sesong.

## Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Marknadsregulator gir råd til Landbruksdirektoratet om suppleringsimport av korn og kornvarer til matmjøl og kraftfôr. Dette rådet skal vere basert på prognosen. Det aktuelle forslaget til råd om import er synleggjort i vedleggsdelen.

### Minimumsimport av karbohydratråvarer

Importvernet for jordbruksvarer er etablert for å sikre rom for avsetning av norsk jordbruksproduksjon. Husdyrproduksjonen føreset likevel bruk av ein del importerte råvarer til produksjon av kraftfôr. Norske Felleskjøp drøfta i rapporten «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017 rammene for minimumsimport av visse råvarer og fastslo grunnlaget for kva som bør vere minimums importnivå<sup>1</sup>.

Prognosert produksjon av kraftfôr og forventanda andel karbohydratråvare i kraftfôr gir følgjande potensielle rom for norsk fôrkorn i sesongen 2020/2021 (jf. vedlegg):

Rom for norsk korn (tonn)	Minimum	Robust
Totalt behov for karbohydrat eksklusiv kli	1 383 000	1 383 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-298 000	-405 000
Teoretisk rom for norsk fôrkorn eksklusiv kli	1 085 000	978 000

Den faktiske tilgangen av norsk fôrkorn på 1 009 400 tonn er mindre enn industrien har rom for gitt føresetnadane for minimumsimport.

### Minimumsimport av matkorn

Det er ikkje definert konkrete krav til kvantum av matkorn som bør vere import.

---

<sup>1</sup> Dersom minimumsimporten ikkje sikrar råvarer som trengs for å vere tilstrekkeleg robust med tanke på å sikre dyra si helse, kan Felleskjøpet Agri marknadsregulator vurdere å tilrå kvoter for ein større import enn minimumsimporten (Jamfør estimert «robust importkvote» i rapporten frå 2017).

## VEDLEGG

### Vurdering av importbehovet

På grunnlag av prognosen gir Felleskjøpet Agri marknadsregulator råd til Landbruksdirektoratet om kvoter for suppleringsimport til administrert toll.

### Importbehov for karbohydratråvarer til kraftfôr

#### Innmelde overskott

Aktørane i kornbransjen blir årleg invitert til å melde inn overskott av norskjøpt korn pr 1. april. Formålet er å få eit mest mogleg riktig uttrykk for balansen ved slutten av sesongen. Innmeldinga gir grunnlag for korreksjon av marknadsregulator sin sluttbalansering av sesongen i form av overskottshandtering og forslag om importkvotar.

I år er det meldt inn overskott av både mat- og fôrkorn pr. 6. april, jamfør tabellen i prognosen om fordelinga av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn. Korrigeringa gir grunnlag for anten å regulere sesongbalansen i samsvar med innmeldt kvantum, eller å korrigere supplerande import tilsvarande.

Importkvotar som følgjer av prognosen overstig definert minimumsimport. Innrapportert overskott av fôrkorn blir av marknadsregulator difor føresettt brukt. Det ubrukte fôrkornet blir ikkje foreslått erstatta av import og ikkje regulert som overlaging til neste sesong.

#### Avtalte importkvotar for karbohydratråvarer

Ein del av råvarene til kraftfôr vert importert tollfritt frå MUL-land. Denne importen blir korrigert for i kvoter som blir tildelt på auksjon. For perioden 01.08.2020 – 7.11.2020 er det importert 1 900 tonn karbohydratråvarer frå MUL-land. For perioden 7.11.2020 - 24.04.2021 er det importert 3 096 tonn kli og 4 470 tonn melasse. Importkvoten for sesongen blir redusert med desse importane, saman med lisensiert import av 3 850 tonn for perioden 25.04.2021 – 31.07.2021.

For den siste perioden i kvoteåret 2019/2020 var det gitt lisensar for 200 tonn meir enn det som vart utnytta. Gitte lisensar ga reduserte importkvotar i den sesongen og avviket til faktisk import er korrigert for i inneverande sesong.

EU er gitt tilgang til tollfri eksport av 15 000 tonn mais og 10 000 maisgrits til Norge pr. år. GSP-land er gitt ein kvote på 40 000 tonn tollfri melasse til dyrefôr pr. år.

GSP-kvoten for melasse blir gitt for kalenderåret. Liten tilgang til melasse har ført til at kvoten på 40 000 tonn berre er utnytta for 30 977 tonn. Den manglande tilgangen på GSP-melasse må erstattast av råvare under karbohydratkvota. Korreksjonen for GSP-melasse vert difor justert i grunnlaget for forslag om kvote for import av karbohydratråvare til kraftfôr i mai.

## Prognosert suppleringsbehov i sesongen

Prognosen gir følgjande behov for suppleringsimport for karbohydratråvarer til kraftfôr:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)	
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr *)	1 386 000
Estimert rom for norsk fôrkorn i sesongen	1 085 000
Prognosert forbruk av norsk korn til fôr i sesongen	1 009 400
- Bruk av norsk korn til fôr etter svinn **)	-999 000
<b>Importbehov for karbohydratråvare</b>	<b>387 000</b>

\*) Lagt til for importert karbo ikkje brukt i kraftfôr: 3 000 tonn \*\*) Svinn 1,0 %

Av prognosen følgjer at 52 % av råvarene i kraftfôret er norsk korn og kli.

## Suppleringsimport for fôrkorn

Marknadsregulator vurderer behovet for supplerande import av karbohydratråvarer som vist under:

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, mai 2021 (tonn)	
Prognosert behov for import i sesongen	387 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-25 000
- Kvote for melasse - GSP	-31 000
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår	200
Suppleringsimport inklusive MUL-import	331 200
- Tildelt importkvote i august	-125 000
- Tildelt importkvote i november	-99 000
Importbehov mai inklusive MUL-import før korreksjon	107 200
- MUL; importert og lisensiert import	-13 300
<b>Prognosert suppleringsbehov med administrert toll</b>	<b>94 000</b>

## Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote som vert fordelt mellom auksjonar i august, november og mai. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

## Overskottet av matkveite

Sesongen har gitt eit overskott av matkveite klasse 1 og 5. Korn av klasse 5 har på grunn av sortseigenskapar hatt avgrensa forbruk. Innmeldt overskott av matkveite klasse 5 er allereie omdisponert for bruk i kraftfôr.

## Overskottet av matkveite klasse 1

Kornhandlarane har pr 6. april meldt inn at det i tillegg til overskottet av klasse 5, er 48 700 tonn klasse 1 som det ikkje er kjøpar for denne sesongen. Auka tilgang av sterk matkveite av klasse 1 og 2 har lenge vore etterlyst av matmjølmøllene og sterk kveite har vore dominerande årsak til behov for suppleringsimport av matkorn.

Matmjølmøllene har ikkje klart å auke forbruket av Mirakel (klasse 1) i takt med tilgangen. Møllene forklarar overskottet av sterk kveite først og fremst med

- generelt sterk kveite i sesongen,
- stor tilgang av norsk matkveite generelt,

- stor tilgang av klasse 1 spesielt,
- tilgang av norsk matkveite med svak glutenkvalitet var mindre enn behovet,
- vridning av forbruket frå mjølblandingar med klasse 1 over til kvalitetar med mindre sterk bakekvalitet – frå bakeriindustri og storhushaldning og over til detaljhandel – på grunn av koronapandemien

Møllene legg vidare sterk vekt på at bakeriindustrien ikkje skal merke kvalitetsendringar mellom sesongar. Dette er eit strengt krav til råvara som gjer det krevjande å tilpasse forbruket til variasjonar i tilgangen.

Korrigert for effekten av pandemien, vurderer marknadsregulator at overskottet ville ha vore redusert til om lag 40 000 tonn.

Den samla utforminga av landbrukspolitiske verkemiddel, inklusive tollvernet, har som formål å legge til rette for bruk av norsk korn i samsvar med kvaliteten på råvarene.

Marknadsregulator si vurdering er at det i den førre og den inneverande sesongen kunne vore mogleg for bakeriindustrien å auke bruken av sterk norsk matkveite i tråd med den auka tilgangen. Mølle- og bakeriindustrien må utvikle verdikjeda til å ta i bruk tilgangen av sterk norsk matkveite, slik at behovet for import av sterke kvalitetar blir redusert.

Norskprodusert matmjøl må i større grad kunne reflektere samansetting og kvalitet i den enkelte sesongen, slik at forbruket av norsk matkorn blir høgast mogleg. Bakeriindustrien må kunne handtere at ei råvare som korn vil variere mellom sesongar og eventuelt også gjennom sesong.

Marknadsregulator ser at det kan vere for kort tid igjen av forbrukssesongen til å auke forbruket med sikte på å omsette heile det innmelde overskottet. I inneverande sesong blir det foreslått ei forsiktig innskjerping av tilgangen til suppleringsimport med administrert toll. Importkvoten i mai blir redusert med 10 000 tonn i forhold til om marknadsreguleringa handterte heile det innmelde overskottet. Resten, 38 700 tonn, vil bli overlagra og inngå i tilgangen av norsk korn i neste sesong. Møller og bakeindustri må i løpet av sesongen 2021/2022 finne tilpassingar som gjer det mogleg å bruke tilgangen av norsk sterk matkveite.

### Importbehov i sesongen

Tabellen under viser gjenståande tilgang, regulering og føresett forbruk:

#### Klassedeling av matkveiten, endeleg (tonn)

	Tilgang før overlaging	Overlagre	Til forbruk etter regulering	Fordeling etter regulering
Klasse 1	98 100	38 700	59 400	35 %
Klasse 2	22 100	-	22 100	13 %
Klasse 3	58 400	-	58 400	34 %
Klasse 4	22 900	-	22 900	13 %
Klasse 5	8 000	-	8 000	5 %
I alt	209 500	38 700	170 800	100 %

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:



<b>Importbehov matkorn (tonn)</b>					
	<b>Kveite</b>	<b>Rug</b>	<b>Bygg</b>	<b>Havre</b>	<b>Sum</b>
Forbruksprognose	269 000	19 000	3 000	40 000	331 000
Norsk matkorn	170 800	7 700	3 000	34 000	215 500
Underdekning matkorn	98 200	11 300	0	6 000	115 500

For havre trengs import av økologisk vare. Landbruks- og matdepartementet har opna for import av inntil 3 000 tonn for å dekke dette behovet<sup>2</sup>.

I år har tilgangen av norsk, konvensjonell havre vore god. I april er det avdekket lagringsskade hos kornhandlar for om lag 3 000 tonn som det for seint å erstatte med auka rensing av norsk vare.

Andelen norsk korn av forbruket av matkorn totalt blir med dette 65 % i sesongen.

### Suppleringsimport for matkorn

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll vert det teke omsyn til import frå MUL-land og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at importen av durum kan bli dekt innanfor bilateralt avtalte kvotar. Kvantumet er sett likt importen i siste kalenderår.

Dette tilseier følgjande kvote:

<b>Prognosert suppleringsimport matkorn, mai 2021 (tonn)</b>	
Prognosert suppleringsimport sesongen	116 000
- Import under kvoter for durumkveite	-2 300
Suppleringsimport inklusive MUL-import	113 700
- Tildelt importkvote i august	-33 000
- Tildelt importkvote i november	-47 000
Importbehov inklusive MUL-import	33 700
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	0
<b>Prognosert suppleringsbehov med administrert toll</b>	<b>34 000</b>

<sup>2</sup> Matmjølmøllene har signalisert at overgangslager hausten 2021 kan bli i minste laget. Felleskjøpet Agri markedsregulator vil opne for vurdering av dette i samband med prognosen i august 2021.

## Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Fôrkeite	Kveite i alt	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Rug/rugkveite i alt
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	218 538	152 437	370 976	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 919	225 113	431 032	13 229	37 588	50 817
13. august	209 000	145 000	354 000	17 000	34 000	51 000
21. september	255 000	109 000	364 000	14 000	41 000	54 000
16. november	217 000	86 000	303 000	8 000	28 000	36 000
16. mars	230 900	81 100	312 000	7 700	26 700	34 400
<b>Prognose</b>	<b>226 000</b>	<b>82 000</b>	<b>308 000</b>	<b>8 000</b>	<b>27 000</b>	<b>34 000</b>

### Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rugkveite <sup>1)</sup>
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	541 070	218 268	1 241 187	4 222	15 667	26 870
13. august	506 000	253 000	1 164 000	3 000	11 000	
21. september	526 000	268 000	1 212 000	3 000	11 000	
16. november	606 000	294 000	1 239 000	4 000	15 000	25 000
16. mars	600 000	293 000	1 239 400	3 900	15 000	24 000
<b>Prognose</b>	<b>610 000</b>	<b>296 000</b>	<b>1 248 000</b>	<b>4 000</b>	<b>15 000</b>	<b>24 000</b>

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Blir rekna som fôrrug i statistikk og prognose

## Estimat for minimums og robust importbehov i sesongen

Importvurdering karbohydrat (tonn)	Rapport 01.12.2017		Denne sesongen	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
Kraftfromsetning	1 971 781		2 031 000	
Behov for betepulp/roesnittar	75 000	90 000	77 000	93 000
Behov for mais	50 000	70 000	52 000	72 000
Behov for melasse	60 000	60 000	62 000	62 000
Behov for økologisk vre		15 000	15 000	15 000
Behov for kveite	200 000	250 000	206 000	258 000
Behov for fiberrvare	50 000	70 000	52 000	72 000
Minimums behov for essensielle karbohydratrvarer	435 000	555 000	464 000	572 000
Norsk frkveite inneverande sesong			-114 000	-114 000
Norsk kli inneverande sesong			-52 000	-53 000
<b>Suppleringsimport karbohydratrvare</b>			<b>298 000</b>	<b>405 000</b>
Behov dekt av bilaterale kvoter - mais og melasse			-56 000	-56 000
Importbehov fiber dekt av MUL-import			0	-6 900
Importbehov melasse dekt av MUL-import			-6 400	-6 400
<b>Minimumskvoter til auksjon</b>			<b>236 000</b>	<b>336 000</b>